**Andre stadar ein kan henvende seg:**

- Rustelefonen: 08588

- LMS Pårørendetelefon (tlf.: 800 40 567 )
  Åpen alle hverdager kl.9-15 (unntatt høytider)

- rusettervernet i sogn og fjordane - Ein frivillig organisasjon
  Rusettervernet

  Rusettervernet består av sjølvhjelpsgrupper for tidlegare rusmisbrukarar og deira pårørande. Rusettervernet har kontaktpersonar i kommunane.

  - Vakttelefon Rusettervernet: Tlf.: 948 34 493 eller 415 07 533

  www.rusettervernet.no

- Legevakt Solund Kommune:
  Tlf.: 577 86 280
  Utanom kontortid:
  Legevaktsentralen Tlf.: 116 117

# Rusomsorga



## Solund Kommune

*Rusomsorga i Solund Kommune er tilgjengeleg for alle; ein treng ikkje å søkje på tenesta. Rusførebygging er også ein del av tenesta.*

*Rusomsorga tek og i mot bekymringsmeldingar.*

## Korleis kontakte Rusomsorga?

Ta gjerne kontakt på telefon/ mail, eller kom innom kontoret om du ynskjer informasjon eller nokon å snakke med.

Kontortida er tysdagar og torsdagar.

*Kontoret ligg i Næringsbygget på Hardbakke (i lokalet som tidlegare var politi-kontor).*

## Kontaktperson:

Line Tordal Førde (vernepleiar)
Tlf.: 459 74 003 / 57786263
line.tordal.forde@solund.kommune.no



## Kven kan ta kontakt?

Rusomsorga tek i mot alle henvendingar; alt frå personar og familie med vanskar med rusmiddel, helsepersonell / andre behandlingsinstansar / andre einingar, til fastlegar osv. Også om du lurer på om du held på å utvikle eit avhengigheitsproblem.

Har du allereie vore i behandling og treng oppfølging i etterkant, får du hjelp med dette hos Rusomsorga i Solund.

## Kva kan Rusomsorga hjelpe med?

- Koordinering av tenestene du er i kontakt med
- Oppfølging, samtalar
- Hjelp til innlegging på behandlingsinstitusjonar - dersom behov
- Spørsmål / informasjon
- Bekymringsmeldingar
- Aktivisering (deriblant tverrfagleg samarbeid med NAV)
- Solund Kommune tilbyr ikkje LAR-behandling i kommunen, men kan vere behjelpeleg med å finne egna behandlingsinstans.

## Samarbeid på tvers av tenester

Rusomsorga i Solund jobbar tverrfagleg, og har teieplikt.

Tenesta gjev tilbod om Individuell Plan der behandlar vert personleg koordinator for deg, og samarbeider med dei tenestene du er i kontakt med.

Tverrfagleg samarbeid kan for eksempel vere med fastlege, psykisk helseteneste, andre behandlingsinstitusjonar, NAV, barnevern e.l.

Personar som er under oppfølging av Rusomsorga får etter 3 mnd – og vidare under kontakt, tilbod om gratis tannhelseteneste.